



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **13. oktober til 19. oktober**



Dagkino 13. Kl. 11.30 - Dagkino - Bømlo kulturhus

Dagkino er eit tilbod til vaksne. Det blir vist gode kvalitetsfilmar, med noko nedsett lyd, ein kopp kaffi og noko attåt etter filmen. Billettpris kr 150.



Tysdag 14. Kl. 11.00 - Senioruniversitetet - Bømlo kulturhus

Denne tysdagen kjem professor Jørn Øyrehagen og presenterer den nye boka si "Forsvarstale for eit vondt menneske. Ei norsk kvinnehistorie frå 1700-talet". Billettpris kr 175 inkluderar lappar og kaffi i pausen.



Tysdag 14. Kl. 10.00 - Seniortur - Kurebu

Bømlo turlag inviterer til tur til Kurebu. Turen går i lett terreng. Start og oppmøte på Svortland skule kl 10.00.
Kontaktperson: Alf Kr Selle, tlf 951 65 853.



Onsdag 15. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall

Trening og samvær for vaksne, i eit litt rolegare miljø. Ein kan symje i begge bassenga, alt etter kva ein ynskjer. Mogleg å vera med på aqua gym kl 12.30.
Bill.pris kr 75



Torsdag 16. Kl. 18.00 - Skriveverkstad - Bømlo folkebibliotek

Har du lyst å skriva, men strevar med å koma i gong på grunn av skrivesperre eller alle slags distraksjonar? Då er du velkomen til ein skriveverkstad med lave skuldre. Målgruppa er vaksne, og kursleiar er Johanne Grønstøl frå Rubbestadneset. Sjå nettsida til Bømlo folkebibliotek for meir informasjon.



Laurdag 18. Kl. 11.00 - Husflidsdagen- Svortland skule

Tema for husflidsdagen er bunad. Det blir sal av husflidsprodukt, kafe, basar med åresal og ung husflid deltet med utstilling og arbeid. Ope for alle.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

- Eldreomsorg i praksis

Kvar måndag klokka 11.00 uansett vêr er det fullt driv på petanque-banane til Framtid for Lykling. Gapahuken Rallarbu er ynda plass for å innta kaffi og noko å bita i mellom kvar kamp.

- Her møter ein fjerdedel av bygda opp.

Dette er eldreomsorg i praksis, det er heilt sikkert, seier kasserar Stein Sele i Framtid for Lykling.

Han er medlem av Stord petanqueklubb og sambygding Arne Thorsen, sentral i realiseringa av Rallarbu, vart fascinert då han såg idretten utført ved kulturhuset på Leirvik. Sele fortel at dei fekk til to banar til å byrja med, og har no fire med ein mellombels bane i tillegg. Det er i tillegg petanque-banar på Svortland, Kulleseidkanalen, Foldrøy og i Gåslandsmarkjo.

- Petanque er eit enkelt spel som ikkje krev noko forkunnskap. Me trekkjer nye lag frå gang til gang, så du blir kjend med mange etterkvart. Det er mykkje lått og løye og god stemning, så folk stortrivst, fortel Sele. Han noterer ned resultata for kvar omgang, Det vil kome på plass ein adelskalender sjølv sagt.

- Nyleg hadde me ordføraren på besøk, og han prøvde seg på petanque for første gang. Talentfull fyr, humrar Sele.



Foto: Morten Helland

Er du interessert - kontakt Stein Sele i Framtid for Lykling - mobil 922 00 396

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00